



Bøsseberarar og assistentar klare til innsats søndag ettermiddag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Uskedelingane gav mindre enn i fjor under TV-aksjonen "Sammen for barn" søndag ettermiddag frå klokka 15 til 17. Medan fjorårets rekordresultat for bygda vår var 36.000, var det no "berre" 33.427 kroner i bøsseane. Det blir rundt rekna 33 kroner på kvar uskedeling.**

33.427 vart resultatet sjølv om det var fleire innsamlarar enn då "Leger uten grenser" var føremålet i 2006. No var 14 i aksjon. Dette var det korps som rodeleiar Kjell Yri hadde ynskt seg for å få dekkja heile bygda og som ikkje minst SPAR bidrog til. Dei var sporty og stilte med seks av dei 14.

- Men vi er likevel godt fornøgd, for svært mange var ikkje å treffa heime under dei to timane innsamlinga vara, seier rodeleiar Kjell Yri til uskedalen.no. Han vonar at mange som var fråverande i etterkant vil nytta lappen som hang på døra deira. På lappen blir ein bedt om å ringa 820 44 110. Då gjev ein automatisk 175 kroner til barn som på ein eller annan måte er ramma av hiv/aids.

Men det skrangla ikkje mykje i bøsseane – dei inneheldt nesten berre sedlar. Dei som var heime tok imot innsamlarane på ein svært positiv måte. Mange sat faktisk og venta og hadde pengane klare. Men altså ikkje mange nok til å settja ny Uskedalsrekord.

Av Ola Matti Mathisen